

**Mottakar:**  
**Meland kommune**  
**Postboks 79**  
**5906 Frekhaug**

22. mai 2014

**Avsendar:**  
**Arne og Synnøve Stautland**  
**Moldekleivmarka 6a**  
**5918 Frekhaug**  
**Gnr/Bnr: 27/227**

## Søknad om dispensasjon

### Kort omtale av tiltaket:

Vi ønskjer å setje opp ein mindre forstørningsmur som vil ligge 3.5 meter frå midten av vegen. Dette ønskjer vi for å få best mogelig utbytte av tomta, minske innsyn frå vegen, betre det reitt estetiske og ivareta sikkerhet.

Slik tomta er no, skråner den opp, ca 2.5 meter frå lavaste til høgste punkt (sjå bileter i vedlegg Q). Vi hadde håpa å få oppført ein mur i 2013, men då vi hadde teikna denne for høg, 2,5 meter, fekk vi avslag sidan det var utan ansvarsrett. (Vi søkte den gongen ikkje om dispensasjon).

Vi ønskjer no å setje opp ein lågare mur som på det høgaste vil verta 1.5 meter høg. Derifrå vil vi lage eit bed (med naturlig helling slik at jordmassane held seg på plass) opp mot eit gjerde ca 1 meter høgare oppe. (Sjå vedlagte teikningar for detaljar).

Muren skal sikrast mot fall ved å armere og feste den godt. Den vil ha ein solid sole/veltesikring, i tillegg vil den ha forankring inn i fylling ca. kvar femte meter. Den vil då verta festa i større steinar eller grunnfjell der det er å finne, om behov støyper vi forankring. Muren vil ha fleire vinklar, noko som også er med å stive opp muren.

Muren skal byggjast av forskalingsblokker med tilhøyrande armering og betong.

### Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Reguleringsplanen me søker dispensasjon frå heiter «Reguleringsplan for Moldekleiv». I planen er det fastsett ei byggjegrense på 4 meter frå veg.

I svar frå kommunen ved ein tidligare søknad stod følgjande:

**«Oppføring av støttemur er eit søknadspliktig tiltak etter pbl. § 20-1 bokstav a, og ved søknad må det dokumenterast at tiltaket er i samsvar med Plan- og bygningsloven m/ forskrifter. Vidare må søknaden takast hand om av ein ansvarleg søker som skal godkjennast av kommunen, jf pbl § 20-1 andre ledd. Med heimel i pbl. § 20-2 kan det likevel på nærmere vilkår søkjast om tiltak utan ansvarsretter.»**

På bakgrunn av § 20-2 bokstav a søker vi om dispensasjon. Her står:

**«§ 20-2 Tiltak som krever søknad og tillatelse og som kan forestås av tiltakshaver. Følgende tiltak som er søknadspliktige etter § 20-1, er unntatt fra reglene i § 20-1 andre ledd:**

- a) mindre tiltak på bebygd eiendom.»**

I pbl. § 19-2 heiter det:

«Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.»

Alle dei ovanfor nemnte konsekvensområda vert ivaretatt og/eller utbetra i dette tiltaket. Forstørra bruks-/leikeareal (helse), det estetiske (miljø), eit sikrare område for born, samt at siktsoner er ivaretatt (sikkerhet). Tilgjengeligheten er òg ivaretatt, då spesielt med tanke på snømåking og at større bilar framleis har svært god plass (sjå vedlegg D).

### Grunngjeving:

Dette gjer vi for å:

- ivareta sikkerheten. Det er mykje born i området og skråninga er bratt og laga av stein. Vi anser fallrisikoen for å vera stor. Med mur nede, og gjerde på toppen av tomta, reduserar vi denne risikoen betraktleg (sjå vedlegg Q).
- betre det estetiske inntrykket for oss sjølve og nablaget generelt.
- få betre utbytte av tomta. Vi aukar bruks-/leikearealet, noko som er av stort behov.

Vi har teke høgde for siktsonen til gnr./bnr. 27/216 (markert med raudt på situasjonskart, vedlegg D). Vegen skrår oppover så det skal ikkje vera problem med sikten her. I tillegg har vi valt å kutte hjørnet, som vist på teikningane, for at vi ytterligare kan sikre god sikt.

Vår eigen siksone (markert med grønt) vil verta sikra ved lavare mur, 1 meter, som det skal vera uproblematisk å sjå over. Også her har vi kutta hjørnet for å vera heilt sikker.

### Anna:

- Naboor er varsla og samtlege har godkjent oppsetnad av muren (vedlegg C).
- For oversikt over vedlegg sjå: *Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett*, side 2.

Med helsing

22.05.14

Dato



Arne Stautland